



Arkivnr: 2014/558-161

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		

Temadag og opplæringssamling for dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjorde i møtet 07.09.2015 slikt vedtak:
«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å ha ein felles opplæring med råda i kommunane 22.-23. februar. Forslag til gjennomføring vert presentert til det nye rådet.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at Anita Garlid Johannessen og Jostein Ljones held ein kort orientering om rådet sitt arbeid for det nye rådet.»

Scandic Ørn i Bergen sentrum er reservert for 22.-23. februar. Det vert føreslått at eine dagen skal vere ein opplæring til råda i korleis dei skal jobbe i kommunane, og at dag to skal vere ein temadag lik føregåande år. Tema til dag to må rådet kome med.

Administrasjonen føreslår at sekretærane til råda vert oppmoda til å stille på samlinga, særskilt på dag ein.

Angåande program må rådet kome med innspel, men det kan vere aktuelt å få inn nokon frå departementet for å snakke om loven som ligg til grunn og kva råda har krav på, samt frå nokre kommunar der råda fungerer bra og korleis dei jobbar.

Frå tidlegare har det vore praksis at dei kommunale råda berre har betalt for reise, ikkje konferansen. Det har ikkje vore med overnatting tidlegare, så rådet må ta ein avgjerd på kva deltagarane skal betale for på denne samlinga.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Janne Værnø
Kommunikasjondirektør

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.